



Røysterett for Alle syng på heimebane – i Helgheim – i slutten av september. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Røysterett for Alle treng som andre lag og organisasjonar pengar for å kunne driva. Til neste år skal songarane til og med på utanlandstur for å markera at det populære koret med base i Uskedalen har eksistert i 20 år.

Laurdag 24. november satsar koret på ein inntektsgivande dag på Husnes: Då skal dei selja lodd der og i samband med det halda to "minikonsertar". 11.30 startar konserten på Torghuset og 12.30 flytter dei over til Senteret og syng der.

Det vil også verta loddsal på Spar i Uskedalen 16. november og 30. november, men diverre ikkje song, heiter det i ei melding frå økonominemnda.